

Skulemusikken med basar og adventskalender.

28.10.2016



Skulemusikken i 17.mai-toget.

Uskedal skulemusikk er godt i gang med sesongen, og dei er framleis så heldige at dei har Tor Skeie Olsen som dirigent. No ventar ein travel periode med seminar, basar og heldigvis skal dei flinke musikarane selja populære adventskalenderar også i år. Som vanleg har skulemusikken opningsnummera på julekonserten. Hege Lekva i økonomigruppa har sendt oss følgjande informasjon:

No er Uskedalen Skulemusikk sin adventskalender snart ferdig laga, og musikantane vil koma rundt i bygda og selja desse frå neste veke av. Vi har fått mange flotte premiar, og vil takka alle som har støtta skulemusikken i år. Vi er imponert og takksame over alt det flotte som vi har fått. Ein kan vinna på kalenderen kvar dag i desember. Den koster kr 100 og salsperioden er frå 1-30 november. Trekninga kvar dag blir annonsert på Uskedalen.no, og ein vinn på kalendernummeret.

Skulemusikken er og i full gang med å øva til den årlege basaren som blir søndag 20. november kl 16. Konserten i år blir ein tema-konsert. Det vil koma nærmare informasjon om basaren når den nærmar seg. Viss det er nokon som har gevinstar dei vil gje til basaren så kan dei ta kontakt med nokon i styret i Skulemusikken, eller Hege Lekva i basarnemnda (98807713).

Tekst og foto: Hege Lekva
Nett: Thor Inge Døssland